

Årsmelding 2010 i Nasjonalt nettverk for naturfagutdanning (NNN)

Styret i NNN har bestått av

Leiar	Merete Økland Sortland
Nestleiar og kasserar	Liv Oddrun Voll
Sekretær	Stig Misund
Styremedlem	Bjørn Haaland
Styremedlem	Anders Isnes (representant for Naturfagsenteret)
Varamedlem	Ragnhild Lyngved
Varamedlem	Frode Henanger

Aktiviteten oktober 2009 - oktober 2010

Styret har hatt tre møter sidan årsmøtet i 2009. Alle møta blei gjennomført som telefonmøte.

Det som bind NNN saman er e-post lista. Miljøet på Nesna har tatt på seg arbeidet å drifta dette og me er takknemlege for dette.

Det har vore ein høyring på e-post lista det siste året. Det gjaldt innspel til gruppa som utarbeidde nasjonale retningslinjer i naturfag 1-7 og 5-10 for Kunnskapsdepartementet (KD).

Hovudsaka i NNN det siste året har vore arbeidet rettleiande planar i naturfag. Dette arbeidet blei vedtatt på årsmøtet i 2008, og er no slutført. Planane bygger på dei nye retningslinjene vedtatt 20.01.10, men dei ser og vidare og skal kunne brukast uavhenging av gjeldande retningslinjer frå KD. Naturfag som fag står i sentrum.

NNN fekk organisasjonsnr. i 2008. Organisasjonen fekk dermed anledning til å få bedriftskonto. Dette er no ordna, og ein treng ikkje få ny konto for kvart skifte av kasserar.

Høgskolen i Nesna var registrert som adresse til NNN. Dette er no endra slik at Naturfagsenteret er offisiell postadresse til NNN.

Institusjonar som ikkje betalar blir sletta frå e-post lista.

På det siste styremøtet blei det vedtatt å gjennomføra ei kartlegging av kor mykje ressursar naturfag blir tildelt ved dei ulike lærarutdanningane i Noreg. Leiar har fått tilbakemelding i frå nokre institusjonar, men kartlegginga er ikkje ferdig. Leiar har fått tilbakemelding på at ei slik kartlegging skulle vore gjort over fleire år. Det er opp til årsmøtet å vedta om dette er interessant.

Merete Økland Sortland

Leiar NNN